

HARAM KOMMUNE

Sakspapir

Utval	Møtedato	Saksnr	Saksbeh.
Formannskapet	10.11.2008	131/08	Per Langnes
Kommunestyret	20.11.2008	091/08	Per Langnes

Avgjerd av: Kommunestyret	Arkiv: M50, 026	Arkivsaknr 08/395
---------------------------	--------------------	----------------------

Avfallssamarbeid mellom ÅRU-kommunane Godkjenning av selskapsavtale mv.

Framlegg frå Rådmannen:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

1. Haram kommune vedtek å godkjenne forslaget til selskapsavtale for ÅRIM (ÅlesundRegionen Interkommunale Miljøsekskap)
2. Som medlem/personleg varamedlem av representantskapet vert vald

Medlem

Personleg varamedlem

.....

.....

Behandling i Formannskapet den 10.11.2008:

Trond Seth, AP kom med framlegg om val av ordførar Bjørn Sandnes som medlem. Randi Frisvoll, KRF kom med framlegg om val av Cine F. Austnes som varamedlem. Torleiv Rogne, Uavhengig valliste kom med framlegg om val av varaordførar Trond Seth som varamedlem.

Pkt 1 i rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd. Framlegget frå T. Seth om val av ordførar Bjørn Sandnes vart samrøystes tilrådd. Framlegget frå T. Rogne om val av Trond Seth fekk 8 røyster, medan 1 røysta for framlegget frå R. Frisvoll om val av Cine F. Austnes.

FS-131/08 Tilråding:

1. Haram kommune vedtek å godkjenne forslaget til selskapsavtale for ÅRIM (ÅlesundRegionen Interkommunale Miljøsekskap)
2. Som medlem/personleg varamedlem av representantskapet vert vald

Medlem:

Personleg varamedlem:

Ordfører Bjørn Sandnes

Varaordfører Trond Seth

Behandling i Kommunestyret den 20.11.2008:

Haldor Lillebø, SP tilsett i Haram kommune med arbeidsstad m.a på Nøsa, ba om ei vurdering av sin habilitet. Kommunestyret fann med 36 mot 1 røyst at han var habil.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

KS-091/08 Vedtak:

1. Haram kommune vedtek å godkjenne forslaget til selskapsavtale for ÅRIM (ÅlesundRegionen Interkommunale Miljøsekskap)

2. Som medlem/personleg varamedlem av representantskapet vert vald

Medlem:

Personleg varamedlem:

Ordfører Bjørn Sandnes

Varaordfører Trond Seth

Vedlegg:

Sluttrapport vedlagt

- Forslag til selskapsavtale
- Lov om interkommunale sekskap
- Døme på føremålsformuleringar
- Samanstilling av status for kvar kommune
- Målsetjing i avfallsplanen for 2002-2005

Saksutgreiing:

Felles saksutgreiing utarbeidd av sekretariatet i ÅRU:

”Det har i mange år vore diskusjonar og utgreiingar om eit sterkare interkommunalt samarbeid innan renovasjon i regionen. Ålesundregionen er i dag den einaste regionen i fylket utan interkommunalt renovasjonsselskap. Både på Nordmøre, i Romsdal og på Søre Sunnmøre er slike sekskap etablert.

Fagpersonane innan renovasjon frå kommunane i ÅRU (utanom Vanylven) har i eit felles forprosjekt konkludert med at eit interkommunalt renovasjonsselskap vil kunne gi betre løysingar enn i dag både når det gjeld miljø, kompetanse, økonomi og informasjon.

Medan gjennomsnitteleg energi- og materialgjenvinning i ÅRU-kommunane som er med i forslaget til selskapsavtale er 72% for 2007, er gjennomsnittet for fylket 78%. Det nasjonale målet om gjenvinning er 75% innan 2010, med vidare opptrapping til 80%.

Styret i ÅRU har på bakgrunn av det felles forprosjektet sett ned ei styringsgruppe med det mandat å legge fram eit heilt konkret forslag til selskapsavtale for eit interkommunalt renovasjonsselskap. Alle kommunane i ÅRU (utanom Vanylven) har vedteke å vere med på å få utarbeidd forslaget til avtale. Konsulentselskapet COWI AS i Bergen har vore engasjert, og i sluttrapporten (vedlegg 1) står det om arbeidsprosessen og forslaget til selskapsavtale. I vedlegg 2 ligg sjølve forslaget til selskapsavtale.

Selskapsavtalen for *Ålesundregionen Interkommunale Miljøsekskap (ÅRIM)* må seiast å vere blant dei største samarbeidssakene nokon gong i regionen. Dette fordi samarbeidet direkte gjeld tenestetilbodet til om lag 90 000 innbyggjarar i 12 kommunar, og fordi samarbeidsforma er forpliktande med etablering av eit felles interkommunalt selskap. Selskapsavtalen er utarbeidd etter Lov om interkommunale selskaper av 29.01.1999 nr. 06.

Styringsgruppa har forsøkt å lage ein formålsparagraf for selskapet som både er konkret og som ikkje vil krevje ei ny runde i samtlege 12 kommunar for kvart nytt spørsmål som dukkar opp. Hovudformålet med selskapet er å utføre kommunane sine lovpålagde oppgåver innan *innsamling, gjenvinning og behandling* av avfall og slam i samsvar med sentrale og lokale miljømål (§ 3.1).

I dette ligg det at kommunane sine noverande kontrakter vert overført til selskapet. Selskapet vil etter dette stå for innhenting av renovasjonstenester på vegne av heile regionen. I tillegg til henteordningar for kjeldesortert avfall og restavfall, vil selskapet kunne ta over vedlikehald og drift av returpunkt og gjenvinningsstasjonar for anna avfall frå hushald.

Selskapet skal vere eit kompetansesenter for kommunane, og i samarbeid med kommunane drive eit aktivt informasjonsarbeid for å auke innbyggjarane sin kunnskap om avfallsreduksjon og miljøvennleg avfallsbehandling (§ 3.5). Det vert føresett at selskapet vert brukt til utarbeiding av felles avfallsplanar og sakshandsaming. Den enkelte kommune opptre som myndigheit etter forureiningslova. Dette kan ikkje delegerast til selskapet. Men kommunane kan hente den faglege kompetansen frå ÅRIM. Det vert difor viktig at selskapet har ein god dialog med kommunane sine administrasjonar.

Reint økonomisk er dette tenkt å vere eit enkelt selskap. Kvar kommune skal sjølv vedta avfallsgebyra sine og stå for innkrevinga av desse. Kommunane kan utøve innkreving via legalpant. Selskapet tek over kontraktene med renovatørselskapa. Det er lagt opp til at kommunane skal fordele kostnadane med renovasjonsselskapet etter folketall. Eigenkapitalen er sett til kr. 500.000,- og innskotet skal skje i høve til kommunane sin eigardel, jf. § 5.

Kommune	Folketal	Prosentdel	Innskot
Giske	6777	7,3 %	36.500,-
Haram	8617	9,2 %	46.000,-
Norddal	1761	1,9 %	9.500,-
Sandøy	1281	1,4 %	7.000,-
Skodje	3750	4,0 %	20.000,-
Stordal	979	1,1 %	5.500,-
Stranda	4543	4,9 %	24.500,-
Sula	7626	8,2 %	41.000,-

Sykkylven	7491	8,0 %	40.000,-
Vestnes	6434	6,9 %	34.500,-
Ørskog	2119	2,3 %	11.500,-
Ålesund	41833	44,9 %	224.000,-
SUM	93211	100 %	500.000,-

Det er selskapet som avgjer i kva grad drifta skal skje ved bruk av eigne anlegg, utstyr og mannskap eller ved avtalar med medlemskommunane, andre selskap eller private næringsdrivande (§ 3-3).

Sidan selskapet skal ha hovudkontor i Ålesund kommune (jf. § 4-4) har det vore diskutert å etablere selskapet i tilknytning til fagmiljøet i Bingsa.

Eigarkommunane utøver sitt mynde i selskapet gjennom representantskapet, som er selskapet sitt øvste organ (jf. § 7). Representantskapet skal sjå til at selskapet vert drive etter føremålet sitt i samsvar med lover, forskrifter og selskapsavtalen. Det skal ha eit medlemstal som tilsvarar folketalet i medlemskommunane i høve til det totale folketalet i selskapsregionen (sjå § 7.2).

Slik forslaget til selskapsavtale er utforma, vil Ålesund kommune aldri ha fleire enn fem medlemmar. Det er for å hindre at Ålesund kommune kan få negativt fleirtal for dei endringane i selskapsavtalen som det ligg til representantskapet å vedta.

Styringsgruppa har i sitt arbeid vore tydeleg på at oppdraget med å etablere eit felles renovasjonsselskap må sikrast ved at det vert sett krav til styringsorgana. Det vil vere viktig at det nye selskapet har openheit og god rapportering om sine økonomiske forhold, og dette vert ei viktig oppgåve å følgje opp for dagleg leiar, styret og representantskapet. Representantskapet skal vere eit aktivt styringsorgan som ikke berre skal gjere dei lovmessige vedtaka om godkjenning av rekneskap og årsrapport.

Det skal haldast minst to representantskapsmøter i året, og budsjett og strategi vil vere viktige tema. Kommunestyra må sende tydelege styringssignalar til dei representantane som vert valde. Representantskapet må legge vekt på å vere opne både overfor eigarkommunane, overfor brukarane og overfor media. Det vil alltid vere mange forretningsmessige saker også under strategivurderingane, men det skal ikkje hindre openheit og god informasjon. Selskapet har alt å tene på å få til eit godt samarbeid og samspel med eigarkommunane, og eigarkommunane bør vere aktive med krav og tilbakemeldingar.

Vidare skal representantskapet velje ein valkomite som får til oppgåve å kome med forslag til styre og til klageutval. Hensikta er å få til eit godt styre for selskapet, og både valkomite og representantskap skal sjå på heilskapen i kompetanse og i representasjon av begge kjønn.

Styret skal bestå av sju medlemmar, og styret sine oppgåver er regulert i § 9.4. Det er styret si oppgåve å tilsette dagleg leiar. Styret sine oppgåver er elles selskapet si drift og utvikling.

På representantskapsmøtet i ÅRU 16.10.08 var alle ordførarane og rådmennene i ÅRU-kommunene invitert. Samtlege 12 kommunar var representert. Nokre stilte med

representantar frå dei tekniske tenestene. På møtet vart det gjort vedtak om å anbefale forslaget til selskapsavtale for sine kommunar med ei mindre endring. Denne endringa gjeld § 3.7 og § 8.4 og nye oppgåver for selskapet.

Representantskapet bestemte at formuleringa i § 3.7 skulle endrast frå "...oppgåver som kommunane *ønskjer* at selskapet skal utføre" til "...oppgåver som kommunane er *samde om* at selskapet skal utføre." I § 8.4 vart det presisert at samde betyr einstemmig vedtak i representantskapet. Selskapet kan altså ikkje ta på seg nye oppgåver utan at alle kommunane er samde om det.

For å få til eit regionalt samarbeid med 12 kommunar må alle legge kommunegrensene litt til side og tenke felles sak. Openheit, nytenkning, nøkternheit og kompetanse er stikkord som vil være naudsynte ved styringa av eit slikt selskap. Men oppgåvene er så spanande at det bør vere eit av dei mest interessante verva som kommunen vel representant til.

Handtering av avfall er eit område der det vil skje ei stor utvikling i framtida. Selskapet som vert stifta skal være ein pådriver for Ålesundregionen til å utvikle fagområdet vidare og bli blant dei beste i landet.

Med positive vedtak i kommunane tek ÅRU sikte på å halde stiftingsmøtet i januar 2009, og at selskapet er klart til å overta dei praktiske oppgåvene mot 2010."